

KVINNHERAD KOMMUNE

Fellestenester

Politisk sekretariat

2006/3847

Vedlegg til sakliste – kommunestyremøte 25.03.2010

| Saksnr | Innhald | |
|---------|--|---------------|
| 2010/14 | Godkjenning av møteprotokoll | |
| 2010/15 | Plan for gjennomføring av strukturendringane, vedteke av kommunestyret i møte 19.11.09 | Ikkje vedlegg |
| 2010/16 | Statusrapport for grunnskulen i Kvinnherad 2009. | Eige vedlegg |
| 2010/17 | Kommunale utviklingsmål for grunnskulen 2010-2012. | Eige vedlegg |
| 2010/18 | Direktesendte kommunestyremøter - innkomne tilbod | Vedlegg |
| 2010/19 | Retningslinjer for kjøp, sal og festing av fast eigedom og bustader. | Vedlegg |
| 2010/20 | Kommunen sin pensjonsordning- innhenting av tilbod | Ikkje vedlegg |
| 2010/21 | Godkjenning av reguleringsplan - 122/8 - Bustadfelt - Uskedalen - Ivar Gundersen | Vedlegg |
| 2010/22 | Godkjenning av reguleringsplan - 146/15 - privat regulering - Kaldestad - Leif Håkon Kaldestad | Vedlegg |
| 2010/23 | Val av styremedlem - Fjellhaugen Skisenter AS | Ikkje vedlegg |

Grunnskulen sitt oppdrag:
 Rusta born og unge til å meistre framtida sine oppgåver og utfordringar.



| <u>UTVIKLINGSOMRÅDE</u> | <u>UTVIKLINGSMÅL</u> |
|-------------------------|----------------------|
|-------------------------|----------------------|

Ei opplæring med høgt læringstrykk og gode faglege resultat.

Alle elevar vert følgde opp systematisk med utviklingssamtale, læringsmål og vurdering.

Faglege resultat i Kvinnherad minst på snitt for landet.

Ei opplæring tilpassa elevane sine evner og føresetnader.

Fleire elevar får si opplæring innanfor det ordinære undervisningstilbodet.

Alle skular har opplegg og rutinar for gode overgangar.


Ei opplæring som fremjer sosial kompetanse og personleg utvikling.

Alle elevar opplever å ha innverknad på eigen skulekvardag.

Alle skular arbeider systematisk for ein mobbefri skule.

Til
Komité for oppvekst, kultur og idrett

Frå
Utdanningsforbundet Kvinnherad

| | |
|--|----------------|
|  KVINNHERAD KOMMUNE | |
| 25 FEB. 2010 | |
| Arkivsaksnr. 09/2621 | Dok. nr. |
| Arkivkode P | Saks. ben. MTA |
| Arkivkode S | Kopi. |

Uttale frå Utdanningsforbundet til utviklingsmåla for grunnskulen i Kvinnherad.

Utdanningsforbundet Kvinnherad organiserer lærarar og leiarar ved alle skulane i Kvinnherad. I samband med arbeidet med utviklingsmåla har vi motteke innspel frå og vore i dialog med tillitsvalde og skuleleiarar.

Skal utviklingsmåla verte viktige styringsdokument for skulane i Kvinnherad, vil det vere avgjerande om skulane og lærarane identifiserar seg med dei og endrar praksis i tråd med målsetjingane. Utdanningsforbundet Kvinnherad ynskjer ikkje å stille seg bak framlegget til utviklingsmål for grunnskulen i Kvinnherad slik dei no føreligg. Det er særskild bruken av indikatorar vi er negative til, og vi vil i vår uttale gjere greie for vårt syn på desse.

Form og innhald

Dokumentet med utviklingsmål omtalar visjon, oppdrag og utviklingsmål for grunnskulen i Kvinnherad. Det vert presisert kva som ligg i visjonen og oppdraget. Til kvart av utviklingsmåla er det laga ei liste med aktuelle tiltak og verkemiddel for den einskilde skule, og ei tilsvarande liste for skuleeigar. Denne delen av dokumentet har Utdanningsforbundet delteke i utarbeidinga av. Vi meiner at skulane ville vore i stand til både å omsetje visjon, oppdrag og utviklingsmål i praksis, og i tillegg rapportert til skuleeigar om graden av måloppnåing.

Når dokumentet no i tillegg inneheld *indikatorar* under kvart av utviklingsmåla, fryktar vi at desse vil bli ståande som *dei eigentlege utviklingsmåla*. Fokuset vil i for stor grad vil bli retta mot desse. I tillegg meiner vi at samanhengen mellom indikatorane og målformuleringane er såpass svak, at indikatorane i realiteten ikkje vil fungere slik dei er tenkt.

Einsretting

Ved å vedta indikatorar for måloppnåing, er kommunestyret i Kvinnherad med på å auke fokuset på den *kvantifiserbare* delen av skuleutviklinga. Dette er eit uheldig signal, både til lærarane i skulen, til elevar og føresette og til resten av kvinnherad-samfunnet. Vi fryktar ei utvikling mot einsretting av skulen i Kvinnherad.

Ein av dei viktigaste utdanningspolitiske diskusjonane, er diskusjonen om breidda i skulen sitt oppdrag. Gjennom tabloidisering og uvettig bruk av testresultat, ser vi i mange kommunar ei uheldig forskyving av tid og ressursar, og ei overfokusering på snevre delar av samfunnsoppdraget. Det er ingen grunn til å tru at dette vil arte seg annleis i Kvinnherad, dersom vi aukar fokuset på den kvantifiserbare delen av skuleutviklinga. Vi skulle ynskt at skuleeigar i Kvinnherad ville våge eit sterkare fokus på breidda i skulen sitt samfunnsmandat. Kommunen treng ein skule som på alle nivå er oppteken av at kvar elev får realisert sitt potensiale ut ifrå sine føresetnader, og vi fryktar at eit tap av fleire viktige dimensjonar i skulekvardagen vil frårøve mange elevar deira faglege sjølvkjensle og

trua på eiga framtid. Blant forskarar er det også stadig fleire som ser samanhangen mellom denne typen einsretting og dermed trong for aukande bruk av spesialundervisning.

Presisjonsnivå

Føremålet med indikatorane er å auke presisjonsnivået når ein skal skildre utviklinga av kvinnherad-skulen. Ein tenkjer seg at utslag på indikatorane, vil seie noko om utviklinga av "heile" skulen, og at indikatorane kan generaliserast utover seg sjølv.

Utdanningsforbundet er ikkje samde i desse premissane for å ta i bruk indikatorar. Det er, på sett og vis, ein lærar sin lodd i livet å ikkje vite presist kvar elevane står i si eiga utvikling. Det er likeeins umogeleg for ein skuleeigar å få talfesta med desimalar presist kvar skulen står. Samstundes ynskjer vi at vår profesjonelle vurdering, både av elevane og skulen, skal vere så presis som råd. I dette skjeringspunktet er det avgjerande at både lærarar og skuleeigarar nyttar vurderingssystem som kan fange opp både prosessuelle, kvalitative og resultatmessige sider ved ei utvikling. På nokre område kan altså testar, undersøkingar og nøkkeltal indikere deler av ei utvikling. Men denne informasjonen kan bli verdiløus dersom den ikkje blir sett inn i ein større samanheng.

Styringssignal og skuleeigarskap

Gjennom vedtak om utviklingsmål sender skuleeigar ut viktige styringssignalar til grunnskulen i Kvinnherad. Utdanningsforbundet fryktar at styringssignala som ligg i bruken av indikatorar vil verke kontraproduktivt og utløyse svært liten grad av endra praksis i skulane.

Lokal skuleeigar bør søkje å utnytte det lokale handlingsrommet gjennom tett samhandling med administrasjon, skulenivå og lærarar i utviklinga av den kommunale grunnskulen. Gjennom vedtak om indikatorar meiner vi at skuleeigar markerar ein byråkratisk avtand til fagfeltet, noko som vil svekke utviklingsmåla sin legitimitet i skulane, og dermed svekke kommunestyret sin status som øvste styrande organ i Kvinnherad-skulen.

Alternativ til indikatorar

Utdanningsforbundet Kvinnherad meiner at dokumentet med utviklingsmål ville tent føremålet betre utan indikatorar. Vi meiner vidare at skuleeigar bør nytte høvet når utviklingsmåla no skal reviderast, til å signalisere at Kvinnherad-skulen legg til grunn eit breitt kunnskapssyn og eit heilskapleg syn på elevar.

Sjølv om ein ikkje vedtek indikatorar, er det likevel innlysande at nøkkeltal og kartlegging vil vere ein viktig del av ei skulevurdering. Utdanningsforbundet er opptekne av at slik informasjon skal tolkast og brukast medvite på alle nivå, til det beste for elevane si utvikling og vekst.

Rosendal, 25.02.10

Bjørn Olav Tveit
leiar
Utdanningsforbundet Kvinnherad

Kjetil Aasgard
Hovudtillitsvald
Utdanningsforbundet Kvinnherad



Kvinnherad kommune - Rådmannen

Vår ref: 2009/2621

Dato: 28.02.2010

Til: Komité for oppvekst, kultur, idrett.

Frå: Kommunalsjef Asbjørn Skår

Notat gjeld: Om kommunale utviklingsmål og indikatorar for måloppnåing.

Kvalitetssystem.

Utvikling av kvaliteten i grunnskulen føreset at skulane kartlegg si verksemd, hentar inn informasjon om læringsutbyte, analyserer og vurderer resultatane, og planlegg og iverkset tiltak for å betra resultatane på prioriterte område.

Dette er den nasjonale og kommunale kvalitetssirkelen, slik det går fram av Opplæringslova § 13-10, og av det vedtekne kvalitetssystemet for grunnskulen i Kvinnherad.

Kommunale utviklingsmål.

Dei kommunale utviklingsmåla dekkjer ikkje breidda i grunnskulen sitt oppdrag, men fokuserer på særlege utfordringane som grunnskulen i Kvinnherad har, basert på ei brei kartlegging av skulen sin situasjon og informasjon om læringsutbyte.

Utviklingsmåla for grunnskulen skal såleis spissa den kommunale satsinga, ved bruk av den samla ressursane, for å betra resultatane på område der statusanalyse syner at dette er nødvendig og ønskeleg.

Grunnskulen sitt samla oppdrag, slik det går fram av lov og forskrift, er framleis grunnlaget for skulen si verksemd, og vert ikkje erstatta av kommunen sine utviklingsmål.

Skuleeigar.

Det er kommunestyret som er skuleeigar, og som er ansvarleg for resultatane i grunnskulen. Etter Opplæringslova § 13 skal kommunestyret årleg drøfta status og oppnådde resultat for grunnskulen, ved ein statusrapport utarbeidd av administrasjonen i kommunen.

For skuleeigar må det vera sentralt at resultatane av kommunal satsing kan målast mot dei mål som kommunestyret har fastsett.

Bruk av indikatorar.

Indikatorar kan vera eit hjelpemiddel for å vurdere måloppnåing. Indikatorane kan presisera element i målsetjingane, og kan visa i kva grad ein nærmar seg målsetjingane. Indikatorane åleine kan ikkje gje eit fullstendig svar på måloppnåing, men skal supplerast av kvalitative vurderingar. Bruk av indikatorar for å vurdere måloppnåing byggjer på eit nasjonalt system.

I St.meld. nr. 31 (2007 – 2008) Kvalitet i skolen er dette vist, pkt. 1.3 og pkt. 2.5., jf vedlegg.

Konklusjon.

Rådmannen legg til grunn at det er viktig for skuleeigar å ha eit system for å vurdere måloppnåing, og legg til grunn at bruk av indikatorar kan vera eit hjelpemiddel i dette. Rådmannen deler ikkje Utdanningsforbundet i Kvinnherad si uro over verknadene av dette, og syner til at bruk av indikatorar også vert nytta nasjonalt, jf. vedlegg.

Vedlegg:

St.meld. 31. (2007- 2008) Kvalitet i skolen.

1.3 Mål for kvaliteten i grunnsopplæringen

Regjeringen mener det er behov for å sette noen klare mål for kvaliteten i grunnsopplæringen. Målene er gjennomgående for alle nivåer i sektoren og skal ha betydning for opplæringen ved den enkelte skole og for den enkelte elev. For hvert mål presenteres indikatorer som skal gi grunnlag for å vurdere hvor langt kommunene og landet som helhet er kommet i å nå målene. Indikatorene skal suppleres med kvalitative vurderinger. Målsettingene gir klare signaler til hele sektoren om hvilke aspekter ved grunnsopplæringen som bør prioriteres.

Regjeringen setter følgende mål for grunnsopplæringen:

1. Alle elever som går ut av grunnskolen, skal mestre grunnleggende ferdigheter som gjør dem i stand til å delta i videre utdanning og arbeidsliv

De indikatorene som vil bli benyttet for å vurdere grad av måloppnåelse og trend, er følgende:

- *På nasjonalt nivå: andelen elever som presterer på laveste kompetansenivå i de internasjonale undersøkelsene i lesing og matematikk*
- *På lokalt nivå: andelen elever som presterer på laveste nivå i lesing og regning ved de nasjonale prøvene sammenlignet med det nasjonale gjennomsnittet*

2. Alle elever og lærlinger som er i stand til det, skal gjennomføre videregående opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for videre studier eller i arbeidslivet

De indikatorene som vil bli benyttet for å vurdere grad av måloppnåelse og trend, er følgende:

- *Andelen som fullfører ordinær videregående opplæring fordelt på yrkesforberedende og studieforberedende opplæringsprogrammer*
- *Andelen som oppnår planlagt kompetanse på lavere nivå blant de som ikke gjennomfører ordinær videregående opplæring*

3. Alle elever og lærlinger skal inkluderes og oppleve mestring

De indikatorene som vil bli benyttet for å vurdere grad av måloppnåelse og trend, er følgende:

- *Andelen som trives godt*
- *Andelen som mobbes*
- *Andelen som får nok utfordringer i skolen*
- *Andelen som oppgir at opplæringen er tilpasset deres nivå*
- *Andelen som får faglige tilbakemeldinger*

På dette området skal indikatorene videreutvikles.

Regjeringen oppfordrer skoleeiere og skoler til å sette konkrete målsettinger for hva de skal oppnå innenfor de målområdene som er satt opp. Det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet med nasjonale prøver, Elevundersøkelsen og Skoleporten gjør det mulig for hver enkelt kommune og skole å vurdere sin egen måloppnåelse. Regjeringen vil utvikle kvalitetsvurderingssystemet slik at mulighetene for å vurdere utviklingen i elevenes læringsutbytte blir bedre.

2.5 Oppsummering av indikatorene på måloppnåelse

I kapittel 1 ble det presentert mål for kvaliteten i grunnopplæringen. Nedenfor presenteres status for de valgte indikatorene. Indikatorene fra nasjonale prøver, Elevundersøkelsen og statistikk om gjennomføring skal være tilgjengelige på Skoleporten slik at kommuner og skoler kan sette seg egne mål.

Mål 1: Alle elever som går ut av grunnskolen, skal mestre grunnleggende ferdigheter som gjør dem i stand til å delta i videre utdanning og arbeidsliv

| Lesing | PIRLS: andel elever på laveste nivå | 25 % |
|------------|---|--------|
| | PISA: andel elever på kompetansenivå 1 eller lavere | 22 % |
| | Nasjonale prøver 5. trinn: andel elever på mestringsnivå 1 | 26,5 % |
| | Nasjonale prøver 8. trinn: andel elever på mestringsnivå 1 og 2 | 25 % |
| Matematikk | PISA: andel elever på kompetansenivå 1 eller lavere | 22,2 % |
| | Nasjonale prøver 5. trinn: andel elever på mestringsnivå 1 | 26,6 % |
| | Nasjonale prøver 8. trinn: andel elever på mestringsnivå 1 og 2 | 25,6 % |

Mål 2: Alle elever og lærlinger som er i stand til det skal gjennomføre videregående opplæring med kompetansebevis som anerkjennes for videre studier eller i arbeidslivet

| Fullført på normert tid | Andel fullført på studieforberedende utdanningsprogram | 77 % |
|---------------------------------|--|------|
| | Andel fullført på yrkesforberedende utdanningsprogram | 39 % |
| Fullført på mer enn normert tid | Andel fullført på studieforberedende utdanningsprogram | 84 % |
| | Andel fullført på yrkesforberedende utdanningsprogram | 54 % |
| Kompetanse på lavere nivå | Andel fullført på lærekandidatordningen ¹ | |

¹ På dette området er det nødvendig å utvikle indikatorer

Mål 3: Alle elever og lærlinger skal inkluderes og oppleve mestring

| Trivsel | Andel elever som oppgir at de trives godt på skolen | 85 % |
|--------------------------|--|------|
| Mobbing | Andel elever som oppgir at de blir mobbet en eller flere ganger i uka | 5 % |
| Utfordringer | Andel som sier at de får nok utfordringer i mange eller de fleste fag | 75 % |
| Tilpasning | Andel som oppgir at opplæringen er tilpasset deres nivå i mange fag eller de fleste fag. | 58 % |
| Faglige tilbakemeldinger | Andel elever som oppgir at de får faglig tilbakemelding i mange eller de fleste fag | 52 % |

Departementet vil arbeide videre med å utvikle indikatorer i Elevundersøkelsen for å måle mestring.

**Rådmannen - Fellestenester**

Vår ref: 2008/676

Dato: 08.03.2010

Til: Synnøve Solbakken

Frå: Svein Opdal

Notat gjeld: Notat om direktesendte kommunestyremøte

Syner til sak i formannskapet den 4 mars og til kommunestyre den 25 mars. Formannskapet gjorde fylgjande vedtak:

Formannskapet utset saka og sender den direkte til kommunestyret for avgjerd.

Saka må då innehelda utlysingstekst og innkomne anbod.

Det må også gå fram av saksutgreiinga kva konsekvensar dette kan få for dei tilsette på rådhuset ut frå dei ulike tilboda.

Som vedlegg til notetet finn de:

1. Konkurransesgrunnlaget
2. Oversikt over innbedne firma
3. Innkjøpsprotokoll
4. Tilbod frå 3 tilbydarar Kristen Mediaressurs, Exrewm System Solutions og Itum (firmaattestar, egenerklæringar, etc er ikkje med)

Kvinnherad kommune er tilslutta Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum og dei fekk oppdraget med å forma ut tilbodsdocumenta. Som grunnlag for utforminga låg ei rammeløyving på kr 150.000 og eit spesifisert vedtak i kommunestyret. Saka vart vurdert slik at oppdraget vanskeleg kunne løysast innan desse rammene og konkurransesgrunnlaget opna for tilbydarane å koma med forslag til

1. Konkret løysing pkt 2 i konkurransesgrunnlaget og kravspesifikasjon
2. Kostnader knyt til løysinga pkt 8

Av 6 førespurnader har 3 levert inn forslag til løysing og kostnader. Dette er såleis ikkje eit anbod i vanleg forstand der prisane kan samanliknast direkte. Anboda inneheld såleis ulike løysingar som kvar har sine spesifikke kostnader.

1. Kristen Mediaressurs

Dei vil produsera overføring frå kommunestyra slik det vart gjort i prøveperioden. Opptaket er kommunen sin eigedom og kan gjerast tilgjengeleg på internett eller TV for alle som ynskjer det.

Erfaringane frå prøveperioden var gode, firma stod då for TV-overføringa. Prisen er kr 496.400 for 3 år eks mva.

2. Extrem System Solutions

Firma leverer komplett løysing for direkte overføring og arkivering av opptak på **internett**. Her er det permanente kamera som også kan dekke andre møter lokala og senda dei på nettet. Det er ein omfattande serviceavtale med produktet og prisen inneheld lagring av opptak. Opptaka vert redigert med møte, saksnr og sak. Systemet krev ingen eigen operatør under møta og vert starta med trykk på ein knapp. Vidare oppfyller det krava i KS-rapport "eNorge2009 – det digitale spranget". Prisen er kr 172.240 for 3 år.

Sidan dette produktet ikkje er kjent for kommunestyret, kan de sjå på fylgjande nettsider

- Vestfold fylkeskommune – <http://vfk.exss.no/brüker/pages/>
- Kragerø kommune – <http://kragero.exss.no>
- Elverum kommune – <http://elverum.exss.no>
- Stord, Karmøy og Strand kommuner nyttar også løysinga

3. Itum

Firma leverer komplett løysing for direkte overføring og arkivering av opptak på internett og direkte vising på TV. Asker kommune har avtale med lokal-TV om direkte overføring, her held TV kamerautstyret i kommunestyresalen. Overføring kan også gjerast av andre møte i lokala. Opptaka vert redigert med møte, saksnr og sak. Systemet kan ha eigen operatør som styrer kamera under møta. Eksisterande lydanlegg kan nyttast. Prisen er kr 108.500 for 3 år.

Sidan dette produktet ikkje er kjent for kommunestyret, kan de sjå på fylgjande nettsider

- Asker kommune - <http://www.aker.kommune.no/Lokaldemokrati/Se-kommunestyremotene/Video/>
- Arendal kommune - <http://arendal.kunde.media.itum.com/?epslanguage=no>
- Telemark fylkeskommune - <http://tfk.kunde.media.itum.com/>
- 21 kommunar og fylkeskommunar nyttar denne løysinga

4. Konsekvensar for tilsette

Anbod nr 1 dekkar redigering av opptaka med møtedag, saksnr og sak. Dette må gjerast søkbart på kommunen si nettside, det går ikkje fram om dette er del av tilbodet.

Anbod nr 2 med faste kamera vert sending starta med eit knappetrykk. Administrasjonen publiserer opptak med saksnr og sakstittel etter møtet.

Anbod nr 3 har mulighet for styring av kamera i møtet og innlegging av saksnr og sakstittel i møtet. Begge dei to siste løysingane vert rekna som svært brukarvenlege og enkle å administrera

Sidan anboda inneheld ulike løysingar, bør det veljast ein leverandør for vidare forhandlingar.



SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE INNKJØPSFORUM
BØMLO, FITJAR, KVINNHERAD, STORD OG TYSNES



KONKURRANSE for kjøp under NOK 500.000 eks. mva.

Overføring av møta i Kvinnherad
kommune på fjernsyn og/eller internett

Oppdragsgjevar: Kvinnherad
kommune

Konkurransesgrunnlag

Tilbudsfrist: ...22. Jan 2010...kl 15.00.....

